

# «Den norske misjonærkona i Japan»

– Ei intervju-undersøking og ein rapport –

AV GUNVOR LANDE

I førre artikkelen (NOTM nr. 1, 1985) tok me opp spørsmåla om føremål, materiale og metode, og gav ei kort skisse av spørsmålsområde undersøkinga tek opp.

I denne artikkelen skal me setje lyset på eit par av dei konklusjonane som undersøkinga gav.

Me gjer det med å presentere 2 utdrag frå sjølve rapporten:

- det prinsipielle avsnittet som spør kva det er som gir misjonærkona den status ho har, og
- avsnittet som omhandlar den oppgåve misjonærkona har hatt, og ser seg å ha i dag, i dei ulike misjonsorganisasjonane.

Som eit samandrag kan me seie at *lønspriinsippet*, samanhalde med *familiestrukturen* og *synet på teneste*, avgjer kona sin status. Tilhøvet mellom misjonærkona sin status og den oppgåve ho ser seg ha, er komplisert, men eg har funne at det heng nøye saman.

Etter å ha gått inn på personalia, utdanning og kall i rapporten, kjem PRINSIPIELL DRØFTING AV STATUS.

Etter dette kjem det eit avsnitt der me ser kva status misjonærkona har i dei ulike misjonsorganisasjonane, ordna etter dei kriteria me fann i det prinsipielle avsnittet.

Det viser seg å finnast misjonsorganisasjonar som løner etter premierings-løns-prinsipp, og som altså har ein familiestruktur som gjer at kona får løn, status og dermed også eigne oppgåver/eige arbeid, men ingen av desse er norske.

Dei norske misjonsorganisasjonane løner alle etter behovsløns-prinsippet, men det blir likevel ulikt i praksis. For misjonærkona, hennar status og oppgåver, blir det avgjerande kva for ein familiestruktur lønsprinsippet heng saman med.

Det viser seg å gå eit skilje mellom lutherske og ikkje-lutherske misjonsorganisasjonar. På den eine ytterkanten får me Orientmisionen som løner mann og kone likt (etter behovslønsprinsippet), og

på den andre ytterkanten kjem Misjonssambandet, der familieløna går til mannen, som representant for familien. Dei andre organisasjonane kjem så innimellom desse to.

Når denne systematiseringa er ferdig, kan med gå over til: MISJONÆRKONA SI OPPGÅVE.

### **Prinsipiell drøfting av status**

Når ein skal sjå på den status som den norske misjonærkona har i Japan, er det første som slår ein – forvirring. Ei er misjonær, ei anna er misjonærkone og den tredje veit ikkje kva ho er; nokre gonger tel ho, andre ikkje. Det er eit villnis av ulike reglar og ordningar, like mange som det finst misjonsselskap til.

Men når ein ser litt nærare på villniset, prøver å finne mønster og gangveggar, skilje mellom hovedting og detaljar, viser det seg å vera ein ting som står sentralt, og det er lønsprinsippet. Det kan synast merkeleg, men gjeld ikkje først og fremst pengesummen. Det står sentralt pga. alle dei ulike konsekvensane det får. Her skal me sjå på det prinsipielle, og seinare, under økonomi, ta opp dei praktiske tinga.

Det er ikkje rett å kalle dei pengane ein misjonær får for «løn», dersom ein legg det same i ordet som er vanleg i norsk språkbruk. I Noreg får ein løn, belønning, premiering for den type arbeid ein gjer, etter som kor mykje ein gjer, kor godt arbeidet er utført, og med omsyn til den utdanning ein har, og dermed den føresetnad ein har for å greie arbeidet. Dette premieringssystemet ligg djupt i oss alle. Første gongen me møtte det var kanskje då ein fekk 50 øre for å gå ærend. Karaktersystemet me alle er vaksne opp med, byggjer på same grunnprinsippet. Gjer du det godt, får du gode karakterar, god løn. Eit slikt premieringsprinsipp gjev rom for store skilnader mellom einskildmenneske. Spesialisering, differensiering og individualisme blir stikkorda her. Kvant menneske brukar sine evner, anlegg og utdanning i individuell fridom og blir betalt etter innsatsen. Same arbeid bør betalast med same løn, kven som enn utfører arbeidet.

I Noreg har me ein blandingsøkonomi med sterke innslag av sosialdemokratiske lønsprinsipp, og t.d. skattepolitikken, barnetrygd o. likn. skal vera med på å jamne ut skilnadane mellom folk. Premieringsprinsippet er likevel grunnprinsippet. Det japanske samfunnet byggjer i endå større grad enn det norske på dette premieringsprinsippet. (Premieringslønsprinsipp er her brukt som eit stikkord for å

få linene fram klarare. Det inneheld mange komponentar som i røynda gjer det heile meir komplisert, t.d. ansiennitet, samfunnets prioritering av visse yrkesgrupper.) Den norske misjonærkona er altså oppfostra i eit samfunn der premieringsprinsippet rår, og som misjonærkone lever ho og i eit samfunn der dette prinsippet rår i endå høgare grad.

Ingen av dei norske misjonane i Japan løner etter dette premieringsprinsippet. Ulike ord blir brukte for å få fram det lønsprinsippet som rår, slik som: underhald, levnadsunderhald, behovsløn; men den grunnleggjande tanken er at det skal vera ei rimeleg stetting av det ein treng til dagleg. For å bruke dømet med 50-øringen igjen, etter dette prinsippet ville ein ikkje få mynten fordi ein var så flink til å gå ærend, men fordi ein trong han. Dette lønsprinsippet er bygd på likskap og solidaritet, her skal alle ha det så likt som råd. Det er også klart at dette fører til konformitet og/eller konformitetspress.

Kort sagt kan ein seie at behovsløna er mindre enn premieringsløna.

Me såg når det galdt premieringsprinsippet at t.d. den norske skattepolitikken kjem til og verkar utjamnande. På same måten finst det også for dei som blir løna etter behovslønsprinsippet serlege ordningar som jamnar ut skilnaden mellom behovsløn og premieringsløn, ordningar som gjer at behovsløna blir dregen over mot premieringsløna.

Slike ordningar kan gjelde barnas skulegong, og seie kor mykje misjonen skal betale av den; om ein har rett på reisepengar og mat når ein reiser i arbeids medfør, om misjonen skal halde møblar, og i tilfelle kor mykje. Sjøl om ein ser lite av dette i reie pengar, er det klart at slike ordningar er med på å jamne ut skilnaden mellom ei lita behovsløn og ei større premieringsløn. Likevel er det viktig å halde prinsippa klart frå kvarandre, elles går ein seg vill og det blir vanskeleg å løyse flokane når konsekvensane kjem til synes.

Fordi den mindre behovsløna på grunn av alle desse ordningane blir dregen over mot ei større premieringsløn, og misjonærens levestandard altså blir dregen opp mot ein norsk levestandard, vil dei fleste familieane ikkje merke så mykje at prinsippet er forskjellig. Ein må greie seg for mindre, men ordnar ein livet sitt nokolunde likt med medmisjonærene (likskap, solidaritet, konformitet), kjem ikkje dei prinsipielle skilnadene så mykje til synes. Behovslønsprinsippet fungerer altså bra i det vante skjemaet.

Men når ein kjem utanom skjemaet blir det straks vanskeleg fordi

prinsippet er forskjellig. Det skortar også på informasjon frå misjonsleiinga. Misjonæren er kanskje ikkje sjølv klar over at han blir løna etter eit heilt anna grunnprinsipp, og at det blir tenkt annleis enn han er vane med når praktiske problem skal løysast. La oss ta eit par døme:

Ein einsleg kvinneleg misjonær gifter seg med ein japansk mann. Regelen er då at ho skal gå ut av misjonen. (Det finst ingen tilsvarende regel om einsleg mannleg misjonær gifter seg med ei japansk kvinne.) Men la oss seie at ho gjerne vil halde fram i arbeidet sitt sjølv (yrkeskvinne i Noreg må ikkje slutte i arbeidet sitt om ho gifter seg) og at medmisjonærane gjerne vil ha henne. Dersom ein då tenker konsekvent ut frå behovslønsprinsippet, kjem ein til at den nygifte kona må få ei halv familieløn, fordi ein må rekne med at mannen dekkar den andre halvparten av behovet. Ordningane med husleige osv. må også halverast, og i det heile blir den økonomiske situasjonen mykje vanskelegare. Arbeidet er det same, men det blir betalt med mindre løn.

Behovslønsprinsippet som altså legg vekt på likskap mellom familiane, blir også avgjerande dersom eit ektepar, begge med lærarutdanning, skulle søkje på 2 ulike utlyste postar ved den Norske Skulen. Eit slikt ektepar ville måtte få dobbel løn, men det ville bryte likskapen og solidariteten med andre ektepar. Ein ville løyse floken med å tilsetje andre der denne vansken ikkje oppstod, t.d. 2 einslege, eller tilsette den eine av ektefellene + ein einsleg. Ein ville tilsetje mannen, og kona ville følgje med som ektemake utan direkte yrkesoppgave.

Av det som no er sagt, skulle det vera nokså lett å tenkje seg fram til regelen om at kona ikkje har rett til å ha løna arbeid i Japan. 6 av 7 misjonsselskap har denne regelen. Behovsløna er eit underhold som blir gitt til familien samla, men blir utrekna etter mannens tilsetjingsdag og hans ansiennitet. Dei har ikkje lov til å ha inntekter utanom dette. Dersom kona tener noko på t.d. engelskundervisning, skal ho levere det frå seg til kyrkje eller misjon.

Men la oss sjå litt meir på dette likevel. Pengane til misjonærløn blir samla inn og kjem på ein eller annan måte frå misjonsvenner i Noreg, ulike i dei ulike misjonsselskap. Ein heimearbeidar i ein eller annan misjon i Noreg får også si løn av desse innsamla pengane. Men kona hans er fri til å ha eit yrke dersom ho ynskjer det, og ho er fri til å behalde pengane for yrkesinnsatsen sin, ho leverer dei ikkje frå seg til misjonen. No skjer det at når misjonærfamilien kjem

til Noreg på heimeopphald, og mannen er løna av misjonen, har kona lov til å ta seg arbeid og behalde pengane sjølv. Ho får altså same rett som heimearbeidarens kone. 6 av 7 misjonsselskap har denne regelen. Det ser altså ikkje ut til at det er kvar pengane kjem frå (misjonsoffer) som er det avgjerande for om kona har lov å ha løna arbeid eller ikkje, men kvar ho er når familieløna blir utbetalt.

Det viser seg altså at behovslønsprinsippet heng saman med eit visst kvinnesyn. Det er viktig for oss å finne ut om dette kvinnesynet er ein integrert del av behovslønsprinsippet – i så fall blir det jo sjølve behovslønsprinsippet som avgjer misjonærkona sin status – eller om desse to kan skiljast frå kvarandre. I så fall kan ein tenkje seg eit anna kvinnesyn saman med behovslønsprinsippet.

Behovslønsprinsippet har fleire komponentar i seg. Me vil skilje ut og sjå på to av desse, det er den teologiske og den sosiologisk-historiske komponenten.

Teologisk høyrer behovslønsprinsippet saman med den djupe kristne grunnsanninga om offer og forsaking. Livets mål og meining ligg ikkje i det materielle; lever ein med sparsemd kan det som blir frigjort brukast til Guds rikes vokster. Denne tanken har vore bærande i kyrkje og organisasjonar i Noreg, og har gjort at lønene her har lege *under* tilsvarande stillingar i stat og samfunn elles. Kallet til oppgava var det viktigaste. Offer og forsaking av det materielle var ein naturleg del av dette. Dette er i ferd med å snu seg i Noreg. Også i kristne organisasjonar rettar ein seg meir og meir etter dei lønsreglar som gjeld i samfunnet elles. Individets arbeidsinnsats blir premiært, og ein får stillingar med topp-løn også i kristne samanhengar. I Noreg har det altså skjedd ei utvikling, ei gliding over frå behovslønsprinsippet med vekt på offer og forsaking, over til premieringslønsystemet med vekt på individets rett til å utfalde seg og bli løna etter innsatsen.

Sosiologisk – historisk spørst det om ikkje behovslønsprinsippet høyrer saman med naturalhushaldet. Under naturalhushaldet streva ein for å få nok til dagsens føda, og her arbeidde familien saman som ei eining og hjelptest åt for å nå målet. Ein tenkte lite på kven det høyrde til det ein vann ut av jord, skog og vatn, men samfunnsstrukturen var klart patriarkalsk.

Dei første norske misjonæra blei sende ut frå eit slikt samfunn, og det er berre naturleg at dei tok med seg denne familiestrukturen, og at dei blei løna etter eit system som rådde i samfunnet heime. Dei fekk til det dei trong, altså behovslønsprinsippet. I mellomtida har

samfunnet i Noreg forandra seg, frå familien som ei eining som strevar for felles underhald, til familien som er samansett av einskildpersonar, med kvar si løn etter utdanning og innsats.

Ut frå den teologiske komponenten kan ein ikkje koma fram til noko spesielt kvinnesyn, berre det som gjeld for alle kristne, at ein skal arbeide med offer og forsaking for auga. I den sosiologisk-historiske komponenten ligg det derimot eit kvinnesyn innebygd. Kona er ein del av ein einskap der dei saman arbeider mot eit mål, vinninga høyrer alle til, men med den patriarkalske strukturen blir mannen den naturlege representanten for familien.

Som oppsummering kan me seie at det skulle kunne gå an å ha eit behovslønsprinsipp bygd berre på den teologiske komponenten, utan eit innebygd kvinnesyn. Me skal også sjå at ein av dei norske misjonane har eit slikt behovslønsprinsipp. Men under norske forhold har me fått ei samanblanding av dei to komponentane. Då kan det lett oppfattast slik at eit visst kvinnesyn er innebygd i behovslønsprinsippet. I den sosiologisk-historiske komponenten er det jo ikkje individet som tel, men eininga; og med den patriarkalske strukturen vil kvinna lett «forsvinne». Kvinna «forsvinn» altså av historisk-sosiologiske årsaker, og dette blir understreka teologisk av tanken om offer og forsaking.

### **Misjonærkona si oppgåve**

Når me skal tale om oppgava den norske misjonærkona har, fell det naturleg ut frå statusen å dele i 2: den lutherske og den ikkje-lutherske.

Same kva utdanning den norske lutherske misjonærkona har, om ho er sjukepleiar, lærar, har merkantil utdanning, er teolog eller adjunkt, det finst berre ei oppgave for henne: å vera husmor og mor. Tek ho del i arbeidet er det velkome, men ikkje eigentleg venta. Ho har ikkje lov til å ha løna arbeid utanfor misjon/kyrkje i samfunnet elles, og skulle ho t.d. byrje med språkundervisning privat eller i kyrkja, har ho ikkje rett til å ta imot godtgjerdsle for det. Slike pengar skal leverast inn til kyrkja eller til misjonen. Dermed er kona i ein låst situasjon. Dei rettar til å bruke utdanninga si, og til løna arbeid som jamaldra kvinner i Noreg har, dei har ikkje ho.

Ei av konene seier det slik: «Når ein reiser ut, meiner ein at ein er verd noko. Ein har eiga utdanning, gjerne fleire års praksis og har erfart glede ved å greie eit arbeid. Ein har også gjerne hatt ansvar for

eit eller anna i frivillig kristeleg arbeid. Ein er blitt innvidd og ut-sendt med store ord. Så kjem ein til Japan og oppdagar at ein er ingenting, – ein har ingen status, inga definert oppgave, kan dess-utan ikkje skrive, ikkje tale, ein er analfabet.»

Ein skulle derfor tru at ein kunne gjera seg fort ferdig med dette punktet om misjonærkonas oppgave, men slik er det ikkje likevel. Her ligg det mykje røynsle og mange djupe tankar samla.

Kva har så vore og kva er den norske misjonærkonas oppgave innanfor den ramma som er gjeven?

Ser ein på den tidbolken norsk misjon har vore i Japan, oppdagar ein at misjonærkona var mykje meir med i aktivt misjonsarbeid i dei første 10–15 åra. Ca. 1960–1965 kom omslaget. Kva løyner det seg bak dette? Det viser seg at *hushjelp* er det enkle svaret. I dei første 20–15 åra var sysselsetjinga i Japan ennå låg etter krigen, det trongst arbeidsplassar, og det var derfor lett å få hjelp i huset. Den økonomiske voksteren og arbeidslønene hadde ikkje nådd dei høgder dei seinare nådde. Dessutan fanst det ikkje elektriske hjelperåder som vaskemaskin, kjøleskap, støvsugar, mixmaster m.m. så det var nød-vendig med hjelp. Gradvis skifta dette biletet. Landet kom seg på fote att. Det blei vanskelegare å få hjelp, det blei uråd å greie dei aukande arbeidslønene på misjonærløna, og det vart råd å få mas-kiner til hjelp. Men konsekvensen for misjonærkona blei at ho vart travelt oppteken heime. Det er tidkrevande å greie seg på ei lita løn. Dei 10–15 siste åra har det derfor vorte mindre tid til overs til å gå inn i aktivt misjons- og kyrkjarbeid.

SUM: Konas status har vore lik heile tida, men den tida ho har hatt til overs ved sida av hus og heim har altså skifta med åra, og me finn at dette heng nøye saman med Japans økonomiske utvikling. Etter krigen var sysselsettinga låg og yen-en billig, dvs. misjonær-løna rakk langt. Gradvis har sysselsetjinga auka og yen-en er blitt dyr, dvs. misjonærløna rekk ikkje så langt. Denne utviklinga liknar den me har hatt i Noreg, men har gått raskare i Japan.

Kva gjorde så kona i denne første tida? Dette var ei oppbyggjings-tid både for misjon, kyrkje og land. Det fanst få japanske kristne medarbeidarar, få kyrkjelydar og kyrkjehus, og landet sjølv låg i ru-inar, det var mangel på omtrent alt av varer. Her var det bruk for kvar som hadde tid og kunne ta eit tak. Misjonærkona var med og skipa og leidde kvinneforeining, hadde grupper for saum og mat-laging, var den som tok imot i kyrkje og heim når folk kom. Alle desse funksjonane finst nok enno, og ho tek del i dei enno. Men det

er ikkje til å koma frå at med friare hender i heimen, og i ei oppbyggjingsstid der all hjelp trongst sårt, blei det meir bruk for kona og, innanfor den gitte ramma. Seinare er mange av kyrkje-funksjonane overtekne av japanske kristne.

Kanskje det her kan nemnast at alle misjonærar – mann som kvinne – arbeider for å gjera seg sjølv overflødig. Dette er ein ting som er stikk i strid med praksis i vårt norske samfunn. I Noreg er det vanleg at ein stig i gradene med alder, utdanning og erfaring, og blir verande i den høgaste stillinga til ein går av med pensjon. I Noreg blir t.d. sjeldan rektor vanleg lærar att, med ein tidlegare elev som ny rektor, heller ikkje blir soknepresten hjelpeprest att. Men misjonæren arbeider nettop med å få fram folk som kan overta den stilling han – eller ho – har. Det gjeld kyrkjelydspresten, prestelæraren, søndagsskulelæraren, kvinneforeningsformannen, barnehagestyraren – alle.

I oppbyggingsfasen er ikke dette serleg framme, men etter ein viss vekstperiode, krevst det ein misjonærttype som har visdom og er audmjuk nok til å stige ned og tilbake, og som kan sjå på at andre overtek den oppgave han eller ho sjølv hadde – og kanskje treivst med. Kyrkja må bli stadeigen. Dette som her er nemnt er berre ein ørliten flik at indigeniseringsspørsmålet, og det er nemnt her, fordi me såg at misjonærkona har tapt ein del av dei oppgavene ho naturleg hadde i den første oppbyggjingstida.

I denne første perioden la misjonærfamilien, og kanskje serleg kona, stor vekt på å vera eit kristent vitne for hushjelpa. Mange av dei kom også fram til kristen tru og er støtter omkring i kyrkjelydane i dag.

Ei av misjonærkonene som har opplevd både den første tida med hushjelp og dei seinare åra utan, seier ho ville valt å ha hushjelp og få vere meir med i arbeidet om ho hadde kunna. Andre igjen synes at presset med å gå frå barna små og ofte overlate dei til andre var vanskeleg. Dei som har kunna brukt heimen som møtestad, og har kunna kombinere heim, barn og kyrkjearbeid har vore mest glad for denne tida. Men ikkje alle har budd romsleg nok til det, og nokre har budd langt frå kyrkjelyden. Då måtte ein stadig prioritere og velgje: «er eg først og fremst mor, eller er eg først og fremst misjonær.»

Spør ein så den enkelte lutherske misjonærkona kva ho ser på som si oppgave, er svaret gjennomgåande: å ha ein open heim der folk kan koma og trivast. Her er ein del utsegner: «Folk kjem når dei kjem, et med oss av det me har». «Same kven som kjem, når me et,



tek med fram Bibelen og les eit ord». «Me ber ikkje nokon spesielle til middag, det er så viktig å behandle alle i kyrkjelyden likt, men i staden ber me heile kyrkjelyden nokre gonger». «Eg bakar formkaker og har i kjøleskapet, serverer kaffi eller grøn te, set meg ned og pratar». «Med så mykje folk ut og inn, må huset alltid vera ryddig».

Men det blir også ein del konfliktsituasjonar mellom privat famieliv og kall til å ha ein open heim. «Eg ba alltid då», sa ei, «ein får erfaring etter mange år til å ta dei situasjonane. Det hende jo ofte det kom nokon når ungane var heime frå Den norske skulen ein dag og me t.d. skulle gå på tur heile familien. Då tok eg inn gjestene, og reiste på tur med familien etterpå, eller den eine tok seg av gjestene, den andre reiste på tur. Nokre gonger sa me at me hadde avtaler og var opptekne, ba dei koma att. Me har hatt julekveld mellom jul og nyttår for å få vera åleine. Men det er viktig at barna føler dei har del i arbeidet».

Så skal me sjå litt skjematisk på korleis misjonærkona opplever situasjonen sin og kva for ei oppgave ho ser seg å ha til dei ulike tider. Det er sjølsagt individuelle skilnader, men stort sett følgjer alle eit nokolunde likt mønster.

Me veit at den norske misjonærkona er i Japan ca. 15 år. Etter det gamle periodesystemet med 5 år i Japan og 1-1½ år i Noreg, blir det ca. 3 periodar. No er det også i bruk andre periodesystem: 4 + 1, eller 3 år i Japan – 3 mndr. i Noreg – 3 år i Japan – 1½ år i Noreg, men ingen har enno vore heile si misjonærtid etter nytt periodesystem, så her vil me enkelt tale om: 1., 2. og 3. periode, og 1., 2. og 3. heimeopphald.

Den norske misjonærkona kjem til Japan, oppfostra i ein teologi og ein kultur, der ho – igrunnen utan å reflektere over det, eller vere seg det serleg bevisst – reknar med at kvart menneske har sin eigen verdi og at ved å bruke sine evner og si utdanning er ein mest i samsvar med det ein er skapt til å vera, og tener dermed andre best. (Menneskesynet + synet på teneste).

I Japan møter ho kultursjokket. Rollemønsteret er annleis, verdi grunnlaget er annleis, ein opplever seg som fullstendig analfabet, og før ho har fått sortert ut alle faktorene og forstår sin eigen situasjon, har ho gjerne ein eller to barnefødslar. Helsemessig blir ho tander, det er mange som aborterer i denne perioden, og alt dette saman med den uklare statusen ho har, gjer at det går ut over språkstudiet, som er den første store oppgave dei 2 første åra. Det fører atter til eit

språkproblem ho må slite med i årevis framover, og sjølsagt til at det blir mange oppgaver ho ikkje kan greie og må seie nei til i dei næraste åra. Det heile fører lett inn i sterk mindreverdskjensle: eg er ingen ting, gjer ingen ting, greier ingen ting.

Ho strevar gjerne med arbeidsfordeling i heimen i denne perioden. Dersom ho og mannen kunne dele arbeidsoppgavene der meir jamnt, ville det bli meir høve for henne til å studere språk, ha søndagsskule, gå på vitjing o.l. av ting ho føler ho trass alt kunne gjera.

På dette punktet er det høveleg å koma med ein oppsiktsvekkjande skilnad mellom den norske (skandinaviske) mannen og den amerikanske mannen, her då i tyding: som mann til misjonærkona. (Dette også bygd på intervju med kona, den norske og den amerikanske.)

Skilnaden er skjematisk og enkel – sjølsagt finst det også her individuelle skilnader til begge kantar. Men det er eit gjennomgåande trekk at den norske mannen ser på kona som likeverdig, gjerne vil at ho skal ha tid og oppgaver, gjerne vil ta sin del av arbeidet i heimen, medan den amerikanske mannen har eit anna syn på konas plass i heim og yrkesliv og set seg imot det som går i retning av jamstelling. Den norske misjonærkona kan altså rekne med mannens støtte når ho vil studere språket og finne egne oppgaver. (Dette heng kanskje til dels saman med at den norske misjonærfamilien er yngre.)

Men ho oppdagar i denne perioden at samfunnets (Japans) rollefordeling, kyrkjjas, misjonens og samfunnets forventning til mannen er stå stor og så fastlåst at mannen får eit veldig arbeidspress. Det kan gå på helsa laus for dei begge, og saman eller åleine finn ho ut at det heile må delast opp på ein heilt annan måte for at familien skal greie det. Ho blir oppteken av at mannen også skal greie sine oppgaver, ho gir opp kampen for sin eigen del, og augnar at løysinga må vera at dei greier det saman (unit- tanken). Men samtidig kjenner ho seg meir isolert, ho blir gåande mykje i heimen med borna, og kjenner seg innestengd i ei rolle. Språket og kjennskap til landet blir ikkje betre av dette.

Ved sida av heile denne utviklinga går det gjerne ei djup kallskrise, både for dei som hadde eige kall og dei som reiste på mannens kall. Ho spør: Gud, kva er mi oppgave, kvifor sende du meg hit, kva vil du med meg her? Reint praktisk kjenner ho seg også kløyvd: ho vil gjerne lære språk og kultur å kjenne, ho vil gjerne vera med i kyrkjearbeid, men ho vil også gjerne vera hos borna. Ho arbeider også med

å finne fram til eit sunt og billig kosthald, ho lærer at helsa er dyrebar.

Omtrent slik er stoda for dei fleste når dei reiser på sitt første heimeopphald. Ho har mange røynsler på det personlege planet, men syns ho har fått gjort lite, og lever midt oppi ein del uløyste problem framleis. Ein kan godt tenkje seg at det ikkje kjennest som nokon sigersferd det ein kjem heim frå. Dei fleste kan jo heller ikkje vitne om den store kyrkjevokstere i det samla arbeidet sitt. Dette skal ein rundt til misjonsvenene med, men føler slett ikkje ein er slik ein misjonær burde vera. Det kan atter bli ei mindreverdskjensle.

Heimeopphald skal drøftas meir inngåande seinare, her skal me berre ta med det som kastar lys over hennar strev med å finne til rette med oppgava si. Ho kjem heim sliten, med små barn, strir med dårleg økonomi – og merkelg nok: ho får eit nytt kultursjokk når ho kjem heim. Så intenst har ho søkkt seg ned i det å lære Japan å kjenne, at ho utan å vite det, kjenner seg framand heime og. Litt etter litt blir helse og økonomi betre, ho opplever det som glede og inspirasjon å møte misjonsvenene, altså stikk i strid med det ho venta. Ho opplever det rikt å sitje og ta del i salmesong i kyrkje og forsamling, men mange er felles om denne opplevinga: det er ingen naturleg plass for barna i den norske gudstenesta, på det punktet lengtar ho til Japan.

Så kjem ho ut til sin andre periode, og for dei fleste er det ein lysare tone over denne perioden. Ho held fast på det ho kom fram til i første perioden: Dei skal greie oppgava saman, ho og mannen. Ho tek seg av hus og barn, og er med i kyrkjearbeidet omtrent slik japanske husmødre er det. Men barna er større no, ho opplever at ho får kontakt gjennom dei i nabolaget, i kyrkja og kanskje gjennom barnehagen, dersom barna går der. (Det problemet ein har i Noreg med små barn som ikkje når op til heis-knappen, har ein ikkje her, rett og slett fordi små barn aldri leikar ute åleine, mor er alltid med, i timevis. Dette er ikkje først og fremst fordi det er farleg ute og dei må passast på, men for å vera saman med barna. NB! fellesskapstanken er sterk. Dette gir eit godt høve til å bli kjend med andre mødre i nabolaget.)

Misjonærkona opplever seg som husmor på like fot med dei andre, og får kontakt gjennom det. Ho tek til å undrast: er det så mykje finare å gjera noko som viser etter? – er det ikkje like stort å VERA som å GJERA? – og ho spør på ein ny måte: kva er det å vera misjonær? I eit land som Japan, der ein byggjer på kontakt med den ein-

skilde, kan ein ikkje der like godt vera misjonær i heimen sin og ute på leikeplassen. Det er ikkje sikkert den er meir misjonær og når lenger, som talar til nokre få på eit møte. Kontakt kan ein få like godt med heimen, dersom ein er villig til å bruke anledningane. Kona er i ferd med å finne sitt vesle felt og utvikle seg der.

Luthersk kalletikk slik han populært er å forstå i t.d. Orheims «Eg hev ei tenesta stor for Gud», gir støtte til det synet ho etterkvart kjem fram til. Dessutan er det interessant å spørje om ikkje også den japanske tanken om balanse mellom framside og baksida (ura-omote) spelar inn her. Framsida ser alle, den er gild og fin, men for at framsida skal kunne haldast gild og fin, trengst det ei baksida som kan spegle av framsida. Dette verkar diskriminerande på ein vesterlending, men gjer ikkje nødvendigvis det i Austerland. Balansen, harmonien er det viktigaste her. Det me har teke fram her – (framside- baksida) heng ideologisk saman med ying-yang prinsippet, kjend i Noreg m.a. som bakgrunn for akupunktur. Enkelt sagt er akupunktur å rette opp att balansen i kroppen. Ein annan japansk tanke kjem også til: Japanarane sjølve med sitt strenge rollemønster og nøye tilmålte plass for kvar enkelt, både i forhold til høg og låg i samfunnet, og i forhold til dei ein er på lik linje med, kan føle presset sterkt og sprelle i garnet. Men så finn dei seg i rolla si, finn sitt vesle felt med fridom og utviklar seg der. Ein kan altså spørje om ikkje både luthersk kalletikk, den japanske framside-baksida modellen og tanken om å reie seg rom på sin vesle plass – er med å hjelpe misjonærkona til å finne sitt vesle felt og si vesle oppgave – og vera glad der.

Med så langt vunne reiser ho på sitt andre heimeopphald til Noreg. Ho har større barn no, og prøver kanskje gamle kunster i yrket sitt. Her har ho lov å ta arbeid. (Unnateke ein misjon.) Ho trivst. Ho utfaldar seg og synes kanskje ho får brukt seg meir og bety vel så mykje i kristen samanheng i Noreg som i Japan.

I 3. perioden er det 10–15 år sidan ho kom til Japan. Ho har stort sett borna på Den norske skulen, og no er ho glad for at ho blei tvunga til å vera heime medan borna var små. Ho får meir tid no, ho kjenner landet og folket, er veteran innanfor den norske gruppa (framleis blandt dei yngste i den amerikanske), og er sjølvsgat betre i språket enn nokongong før. Ho brukar heimen, og arbeider framleis ut frå den modellen ho kom fram til i 1. periode: at dei skal greie oppgava saman ho og mannen, og blir berre styrkt i det ho fekk syn for i 2. periode: dei nære ting. Det som ikkje viser kan vera like viktig

eller vel så viktig som det som viser. Samstundes ser ein at ho liksom snur seg rundt på det vesle feltet som er hennar, og får integrert utdanninga si og. Ein lærar kan få bruke pedagogikken i kyrkjeundervisninga, sjukepleiaren finn at ho har stor nytte av utdanninga si, både fordi det kjem så mange med psykiske vanskar til kyrkja, og fordi naboar og vener oppdagar dei kan spørje henne til råds i helse-spørsmål og ernæringsspørsmål, kanskje fordi dei ser ungane hennar er lite sjuke. No syns ho det blir det same kvar ho er, i Noreg eller Japan, og med så langt kome reiser ho heim for godt.

Orientmisjononen, delvis PYM og NLL har eit anna mønster. Her er kona misjonær av status, og strir i dei første åra med å få tid til overs utanom heimen, men etter kvart får ho meir og meir tid. Det er interessant at japanarane merkar dette og skifter naturleg frå til-taleforma okusan (fru) til sensei (lærar eller prest). Desse misjonane har eit nært forhold mellom misjonær og støttemedlemer. Brevskrivning og informasjonsstoff krev derfor stor tid – glederik tid – og kona tek seg ofte av denne oppgava.

## LITTERATURLISTE

- Elliot Aronson: «The Social Animal», W. H. Freeman and Co. San Francisco 1972.  
Asahi Shimbunsha: Asahi Nenkan 1978. Tokyo/Osaka 1977.  
R. Pierce Beaver: «The Missionary Between the Times», Doubleday and Co. New York 1968.  
Judith Bernstein: «Forandring og stress», Universitetsforlaget, Oslo 1978.  
DMS Forlag (red.): «Kvinden i Kirken». Nyt Synspunkt nr. 8 1978, Hellerup, Danmark.  
Immigration Bureau, Ministry of Justice: «Immigration. A guide to Alien Residence Procedures in Japan. Tokyo 1975.  
Japan Evangelical Missionary Association, Executive Committee: «JEMA Directory 1977» og «1978». Tokyo 1976, 1977.  
Kirkerådets utvalg for forskning og utredning (red.): «Kvinnekamp og kristen tro.» Land og Kirke/Gyldendal, Oslo 1975.  
Marit Lindheim Gundersen: «Kvinnen i Kirken. Teori og Praxis». Land og Kirke. Gyldendal, Oslo 1978.  
Einar Molland: «Konfesjonskunnskap». Land og Kirke. Oslo 1961.  
Nomi Forlag/ Runa Forlag (red.): Norsk Misjonsleksikon, Stavanger 1965.  
Oktober Forlag (red.): «Marxisme og kvinnefrigjering. Utval av skriftene til Karl Marx, Friedrich Engels, V. I. Lenin, Josef Stalin og Mao Tse Tung.» Oslo 1978.  
Helge Pross: «Gleichberechtigung im Beruf». Eine Untersuchung mit 7000 Arbeitnehmerinnen in der EWG. Athenäum, Frankfurt 1973.

- Letha Scanzoni, Nancy Hardesty: «all we're meant to be». Word, Waco Texas, 1976.
- Alvin Toffler: «Future Shock», Bantam Books, New York 1974.
- Joy Turner Tuggy: «The Missionary Wife and Her Work». Moody Press, Chicago 1967.
- Eva Beyse-Jentschura: «Pfarrerinnen – ein attraktiver Frauenberuf?» Artikkel i Deutsches Pfarrerblatt 1. Heft Nov. 1977, Kassel.
- Sigrun Møgedal: «Husmor og yrkeskvinne på misjonsmarken». Artikkel i Inter Medicos nr. 4 1977, Oslo.
- Hans Jørgen Holm: Kristne holdninger og «kristelige roller». Artikkel i Luthersk Kirketidende 1978, s. 277.